



Nissedal kommune

Rådmann

NVE
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Att.: Kristine Naas

Dykkar ref.	Vår ref.	Sakshandsamar:	Arkivkode:	Dato:
NVE 200905347-13 ksk/krn 312/019.F21Z	2013/1564-2	Sverre Sæter, 35048402 sverre.seter@nissedal.kommune.no	S11	12.12.2013

Fråsegn frå Nissedal kommune på søknad om løyve til Klofefoss og Støydalen kraftverk i Nissedal kommune

Syner til søknad frå Skagerak Energi om løyve til Klofefoss og Støydalen kraftverk.

NVE handsamar denne søknaden, og Nissedal kommune er invitert til å kome med fråsegn til søknaden.

Kort sagt meiner rådmannen at dette ikkje er kontroversielle tiltak. I søknaden går det fram at utbygginga vil gjerast på den mest skånsame måten. Både med omsyn til traseval og tildekking i naturen. Dette er Nissedal kommune glad for.

Me tykker også det er positivt at det ikkje er planlagt permanent veg til høgfjellsområdet.

Me er meir tvilande til planlagt nivå på lågaste vassføring, og at det i søknaden er lagt opp til eit nivå under det som er tilrådd av Faun Naturforvaltning. På den andre sida skjønar me argumentasjonen søkjar gjev om nett dette i kap. 4.

Nissedal kommune har skjønna at det vert lagt opp til ei synfaring til våren, og at me vert invitert til denne. Me vil difor ha retten til å kome med ytterlegare merknader og mogelege vilkår til søknaden etter synfaringa.

Med helsing

Sverre Sæter
Rådmann